


«pakistanar-norske»



professoren for innsatsen.



LYDHØYRE: To av mange i ei lydhøyr forsamling.



TRONGT: Det var trengt om plassen i Radøystova, med 80 framømte.

– Fleire overlevde og det gav etter kvart stor utvandring, blant anna frå Noreg. I dei industrialiserte landa reiste i staden folk frå landsbygda til byane, sa Aarebrot.

Men myten om at det var «Dei fattige og undertrykte som drog til USA», stemmer ikkje heilt. Aarebrot viste til forskning som viser at det oftast var odelsgutane som la i veg.

– Grunnen var enkelt nok den dyre billetten! Og etter 30 år kom gjerne odelsguten heim og kunne kasta ut ein yngre bror, som hadde slite og stått på med å stella både gard og gamle foreldre, sa Aarebrot med ein smil.

Forsking viser at ein tredjepart av odelsgutane som drog, kom tilbake og døydde i Noreg.

– På Sletta har Utvandrarsenteret dokumentert ein del av denne historia, om «Amerikagardane» som vart pussa opp med dollar frå «Junaiten».

Lukkejegerar og religion

– Det er ikkje noko gale med økonomiske motiv for å flytta til eit anna land, meinte Aarebrot.

Han stempla norsk-amerikanarar som lukkejegerar, i like stor grad som folk frå Iran og andre land som kjem hit til Noreg.

Myter om religion og politikk var Aarebrot også innom. Han viste til at kvar gong ein europeisk nasjon startar krig og etnisk reinsing, må USA koma og rydda opp.

– Du skulle tru at amerikanarane ville seia seg leie av å hjelpa «dei tullingane i Europa». Men det gjer dei ikkje, sa Aarebrot.

Han viste og til ein stor gjestfridom på landsbygda i USA. Sjølv har Aarebrot ein erkekonserverativ kristen republikanar i si slekt, i Midtvesten.

– Meg reknar han naturleg nok som ein venstresosialist. Likevel ber han meg koma på besøk. Eg vil så gjerne krangla med deg!

Noreg og Sverige hamna nesten i krig før freden i 1905. I åra etter gjekk det difor hardt for seg i fotballkampane mellom norske og svenske college-studentar i Minnesota.

– Det hende det var dødsfall og 15 såra i desse fotballkampane! hevda Aarebrot då han verkeleg hadde fått opp stemninga.

Flinke i integrering

At det vart norske og svenske college i Minnesota, har og ein spesiell bakgrunn, i følgje Aarebrot:

Før delinga sende Noreg-Sverige ein delegasjon til Minnesota for å sjekka «sedelegheita». Dei konkluderte med at her var det «fælt med fyll og banking av konene», så tilbakemeldinga var eit ønskje om å få senda prestar.

– Nei, send pengar, så skal me laga college og utdanna egne prestar! var svaret.

På tampen gav Aarebrot ros til måten USA tek imot innvandraran.

– Dei er langt flinkare til det enn oss her i Noreg, var Aarebrot sin påstand.

Wild West i november

Kvelden var den andre i ein USA-serie som Utvandrarsenteret har i haust.

– Eg tek på meg all skuld for at det vert trengt her! sa dagleg leiar Ida Dyrkorn Heierland, naturleg nok oppglødd over oppmøtet og den gode responsen på Aarebrot sitt foredrag.

Arrangøren gjekk tom for billettar.

I slutten av november vert serien avslutta med «Wild West-kveld». Tek dei som kom onsdag med seg naboar og kjende, kan Radøystova verta i knappaste laget.



VISER: Amerikanske folkesongar vart framført av Åse Britt Reme Jakobsen.



VETERAN: Krigsveteran John Pettersen (96), slår av ein prat med Frank Aarebrot (65) etter møtet.